



Møteprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Kommunestyresalen
Dato: 30.04.2026
Tid: Kl. 13.00 - 19.25

Fremmøtte	Representerer	Funksjon
Karen Høydal	Ap	medlem
Siri Dahl Masdal	Ap	medlem
Børge Gundersen, til kl. 15:00	Ap	medlem
Asgeir Standal	FRP	medlem
Cindy Helen Hoddevik, frå kl. 14:00 til 16:55	FRP	medlem
Eilis-Mari Grinde	FRP	medlem
Even Melheim	FRP	medlem
Hans Olav Myklebust	FRP	medlem
Inge Kolås	FRP	medlem
Johan Bertel Vartdal	FRP	medlem
Odd Magne Vinjevoll	FRP	medlem
Tore Thon	FRP	medlem
Anne Sølvi Vatne	H	medlem
Guttorm Hagen	H	medlem
Jahn Christer N. Humberst	H	medlem
Per Are Sørheim	H	ordførar
Rune Hovde	H	medlem
Hjørdis Almelid Vikenes	KrF	medlem
Roger Vartdal	KrF	medlem
Anne Stine Foldal Aam, til ca. kl. 18:15	SP	medlem
Tove Halse Digernes	SP	varaordførar
Yngve Frøland	SP	medlem
Magnar Hjertenæs	SV	medlem
Marit Aklestad	SV	medlem
Synnøve Marie Sætre	SV	medlem
Are Folkestad	V	medlem

Forfall	Representerer	Varamedlem	Representerer
Alexander Riise Olsen	Ap	Idar Auflem Øye	Ap
Børge Gundersen, frå kl. 15:00, før sak 50/26	Ap	Toril Langlo, frå kl. 15:00, frå PS 50/26	Ap
Frode Emil Vartdal	Ap	Ingvild Aasen	Ap

Cindy Helen Hoddevik, frå kl. 16:55	FRP	Monica Westrum Kipperberg, frå kl.17:50	FRP
Hogne Sveinung Barstad Inger Sandvik Sundnes	FRP H	Roy-Magne Mo Ann Karin Sætre, til kl. 18:00	FRP H
Inger Sandvik Sundnes	H	Sven Castberg, frå kl. 18:00	H
John Helge Bjørndal Odd Bjarne Bjørndal	SP SP	Signe Turid Standal Barstad	SP
Per Ivar Lied	SP	Dalana-Michelle Storebø	SP

Andre som møtte

Kari Flø, kommunedirektør

Inger Johanne Ertesvåg Løeng, konsulent politisk sekretariat

Ingrid Åshamar, konsulent politisk sekretariat

Ingunn Gjengedal, kommunalsjef HOV

Pål Einar Brekke, konst. kommunalsjef OKI

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 23/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/8030
SK 02/26	Spørsmålskvarter	26/8030
PS 24/26	Orienteringar	26/8030
PS 25/26	Referatsaker	26/8030
PS 26/26	Detaljregulering for Ose Næringsområde - Slutthandsaming	23/1373
PS 27/26	Vedtak - Detaljregulering for Hustadnes fjordhytter	24/6270
PS 28/26	Vedtak - Detaljreguleringsplan for bustadar - Kvievegen 8 - Sæbø	24/4430
PS 29/26	Eigengodkjenning av Detaljreguleringsplan for Øy hyttefelt og Langåsen hyttegrend	21/1226
PS 30/26	Vurdering av auka grunnbemanning ved institusjonsdrifta i Helse, omsorg og velferd	26/7196
PS 31/26	Omdisponering av investeringsmidlar - kjøkkendrift	26/7781
PS 32/26	Samarbeidsavtale mellom Ørsta kommune og aktivitetslaget på Bakk Ola Marka	26/344
PS 33/26	Framlegg til nye vedtekter for kommunale skulefritidsordningar i Ørsta kommune etter offentleg høyring	26/342
PS 34/26	Skulefråvær i Ørstaskulen: Eit kunnsskapsgrunnlag og vegen vidare	26/330
PS 35/26	Ny generell del av rammeplanen for kulturskulen	26/7159
PS 36/26	Trafikktrygging 2026 - tilskot til trafikktryggingstiltak ved Vartdal skule	25/4685
PS 37/26	Fullmakt til kriseleiinga - Ørsta kommune	25/11
PS 38/26	Felles beredskapsråd - Volda og Ørsta kommunar	25/11
PS 39/26	Overordna beredskapsplan - administrativ og operativ del	25/11
PS 40/26	Årsmelding 2025 for Ørsta kontrollutval	26/6683
PS 41/26	Årsplan 2026 for Ørsta kontrollutval	26/6683
PS 42/26	Prosjektrapport - forvaltningsrevisjon "Internkontroll	26/6683
PS 43/26	Budsjett: Innlemming av Stortinget si saldering av statsbudsjett 2026	26/7702
PS 44/26	Samarbeid om tilsyn etter forureiningslova	24/5002
PS 45/26	Uttale frå Ørsta kommune til jordbruksforhandlingane 2026	26/7995
PS 46/26	Lånegaranti til Ørsta kyrkjelege fellesråd for rehabilitering av Ørsta kyrkje	26/7931
PS 48/26	Grunngjeve spørsmål	26/8030
GS 02/26	Grunngjeve spørsmål - Gjenbruk av materiale og inventar - Kulturhuset	26/6711
GS 03/26	Grunngjeve spørsmål til kommunestyret	26/6711
PS 49/26	Interpellasjonar	26/8030
IP 02/26	Interpellasjon - lukking av brannavvik på Ørstaheimen	26/6619
PS 50/26	Omstillingsbehov og økonomisk berekraft i Ørsta kommune	26/8071
PS 51/26	Ørsta kompetanse- og kultursenter (Ørsta KKS) - Godkjenning av forprosjektrapport	20/6599

PS 52/26	Ørsta kompetanse- og kultursenter, ØKKS - endra finansiering	20/6599
PS 53/26	Uttale - E39 ut av Ørsta sentrum	23/5413
PS 54/26	Høyringsvar til forslag til ny psykisk helsevern forskrift	26/8079

Ørsta, 30.04.2026

Per Are Sørheim
Ordfører

PS 23/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkallinga vart godkjent utan merknad

Saklista vart godkjent utan merknad, men trekte sak 44/26

Behandling:

Innkallinga vart godkjent utan merknad

Saklista vart godkjent utan merknad, men trekte sak 44/26

Ordføraren sette PS 50/26 som første sak, deretter PS 51/26 og 52/26. uttalane PS 45/26 og PS 53/26 vert handsama før sak 48/26. PS 47/26 vert handsama som siste sak. PS 44/26 vart trekt.

Skrive under protokollen:

Siri Dahl Masdal (AP) og Magnar Hjertenæs (SV) vart valde til å skrive under protokollen saman med ordførar.

Cindy Helen Hoddevik (FRP) tok sete (32 r.f.)

PS 24/26 Orienteringar

Behandling:

Sigrun Heltne Vartdal, Dagleg leiar Ørsta Næringskontor og leiar for Sparebankstiftinga Søre Sunnmøre orienterte om eit tilskot på kr. 20 mill. kroner frå banken til Ørsta kommune

Fredrik Holen Bjørdal frå Sparebank 1 SMN orienterte om eit tilskot på 5 millionar kroner frå banken til Ørsta kommune

Tilskotet frå dei to institusjonane skal gå til støtte til kulturscenefunksjonane i Ørsta kompetanse og kultursenter.

Om NAV Ørsta v/Marthe Hjelle, leiar orienterte og svarte på spørsmål

Digitalt: Turnus i Helse og omsorg og bemanningssituasjonen:

Lloyd Andreassen frå Framlent orienterte

Ingunn Gjengedal, kommunalsjef HOV og ordførar svarte på spørsmål etter den digitale orienteringa.

Status v/ ordførar Per Are Sørheim (H). Ei orientering om kva han har styrt med dei siste månadene.

Kari Flø, kommunedirektør, orienterte kort om saka mellom Ålesund kommune og Ørsta kommune.

PS 25/26 Referatsaker

Vedtak:

Referatsakene vart tekne til vitende

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
15/26	Månadsrapport – prognose pr. februar 2026
16/26	Månadsrapport - prognose pr. mars 2026
17/26	Skatteinngang pr. februar 2026
18/26	Skatteinngang pr. mars 2026
19/26	Møteprotokoll - Ørsta kontrollutval - 13.04.2026
20/26	Melding om vedtak: Gjennomgang av møteprotokollar
21/26	Melding om vedtak: Orientering om Melsgjerde-utbygginga
22/26	Møteprotokoll 18.03.26 - ÅTB IKS
23/26	Oversending av søknad om støtte til utgreiing av kommunestrukturen
24/26	Nynorsk kultursentrum - Aasentunets rapport til Ørsta kommune for 2025
25/26	Evaluering av samarbeidet med FFO
26/26	Høyringsvar - høyring om endringer i folketrygdloven og arbeidsmiljøloven i reglane om sjukmeldte sin medvirknings- og aktivitetsplikt
27/26	Innspill om utvidede skjenketider under fotball-VM 2026
28/26	Uttale frå pårørandegruppa ved Ørstaheimen knytt til reduksjon ved felleskjøkkenet

Behandling:

Hjørdis Almelid Vikenes (KrF) stilte spørsmål i RS 25/26. Brekke, konst. kommunalsjef OKI svarte

Magnar Hjertenæs (KRF) stilte spørsmål kring RS 25/26,. Kommunedirektøren svarte.
Roy Magne Mo (FrP) stilte spørsmål kring RS 21/26 og refererte vedtak i RS 19/26. m.m. og kommenterte møtefrekvens.

Referatsakene vart tekne til vitende

Cindy Helen Hoddevik (FRP) fekk permisjon (31 r.f.)

PS 26/26 Detaljregulering for Ose Næringsområde - Slutthandsaming

Vedtak:

Ørsta kommunestyre syner til framlegg til reguleringsplan for Ose næringsområde og innkomne merknadar ved offentlig ettersyn. Med vising til plan- og bygningslova § 12-12 vedtek Ørsta kommunestyre detaljreguleringsplan for Ose næringsområde slik planen ligg føre på plankart datert 07.05.2025, revidert **26.03.2026**, med tilhøyrande reguleringsføresegner sist revidert 26.03.2026.

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag**Forslag: Innstilling fra Formannskapet - 21.04.2026****For:** 30 stemmer (97%) - Ap 5, FRP 9, H 6, KrF 2, SP 5, SV 2, V 1**Mot:** 1 stemme (3%) - SV 1

Stemmer:

Marit Aklestad (SV)

Kommunedirektøren si tilråding:

Ørsta kommunestyre syner til framlegg til reguleringsplan for Ose næringsområde og innkomne merknadar ved offentlig ettersyn. Med visning til plan- og bygningslova § 12-12 vedtek Ørsta kommunestyre detaljreguleringsplan for Ose næringsområde slik planen ligg føre på plankart datert 07.05.2025, revidert **26.03.2026**, med tilhøyrande reguleringsføresegner sist revidert 26.03.2026.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 21.04.2026 - 28/26

Ørsta kommunestyre syner til framlegg til reguleringsplan for Ose næringsområde og innkomne merknadar ved offentlig ettersyn. Med visning til plan- og bygningslova § 12-12 vedtek Ørsta kommunestyre detaljreguleringsplan for Ose næringsområde slik planen ligg føre på plankart datert 07.05.2025, revidert **26.03.2026**, med tilhøyrande reguleringsføresegner sist revidert 26.03.2026.

PS 27/26 Vedtak - Detaljregulering for Hustadnes fjordhytter**Vedtak:**

Detaljregulering for Hustadnes fjordhytter er ei stadfesting av allereie etablert arealbruk samtidig som den gir rom for å utvikle området med fleire utleigehytter.

Detaljreguleringa gir føreseielege rammer for arealbruken i området. Hustadneset er eit svært synleg element i Hjørundfjorden og reguleringsplanen vil bidra til ei betre forvaltning av kulturlandskapet.

Føremålet med reguleringsplanen er fylgjande:

- Nye hytter og eksisterande hytter
- Å regulere inn fellesareal
- Areal til teknisk infrastruktur
- Å regulere del av tilkomstveg

Ørsta kommunestyre syner til framlegg til Detaljplan Hustadnes fjordhytter og innkomne merknadar ved offentlig ettersyn. Med visning til plan- og bygningslova §12-12 vedtek kommunestyret planen slik han ligg føre på plankart datert 24.10.2025 med tilhøyrande føresegner datert 24.10.2025.

Behandling:**Votering nr 1 - Votering over forslag****Forslag: Innstilling fra Formannskapet - 21.04.2026****For:** 31 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 9, H 6, KrF 2, SP 5, SV 3, V 1**Mot:** 0 stemmer (0%)**Vedtak som innstilling frå Formannskapet – 21.04.2026, sak 29/26**

Detaljregulering for Hustadnes fjordhytter er ei stadfesting av allereie etablert arealbruk samtidig som den gir rom for å utvikle området med fleire utleigehytter.

Detaljreguleringa gir føreseielege rammer for arealbruken i området. Hustadneset er eit svært synleg element i Hjørundfjorden og reguleringsplanen vil bidra til ei betre forvaltning av kulturlandskapet.

Føremålet med reguleringsplanen er fylgjande:

- Nye hytter og eksisterande hytter
- Å regulere inn fellesareal
- Areal til teknisk infrastruktur
- Å regulere del av tilkomstveg

Ørsta kommunestyre syner til framlegg til Detaljplan Hustadnes fjordhytter og innkomne merknadar ved offentleg ettersyn. Med visning til plan- og bygningslova §12-12 vedtek kommunestyret planen slik han ligg føre på plankart datert 24.10.2025 med tilhøyrande føresegner datert 23.04.2025.

PS 28/26 Vedtak - Detaljreguleringsplan for bustadar - Kvievegen 8 - Sæbø

Vedtak:

Detaljplan for bustadar - Kvievegen 8 - Sæbø har som hovudføremål å legge til rette for framtidig etablering av fleire bueiningar sentralt på Sæbø. Sæbø sentrum har avgrensa areal tilgjengeleg primært grunna utfordringar i høve flaum, skred og jordvernsomsyn. Fortetting og gjenbruk/transformering vil bidra til å kunne utvikle Sæbø som bygdesenter.

Planframlegget opnar med dette for at eigedomen kan utviklast for inntil 4 bueiningar med tilhøyrande garasjer.

Ørsta kommunestyre syner til framlegg til Detaljplan for bustadar - Kvievegen 8 - Sæbø og innkomne merknadar ved offentleg ettersyn. Med visning til plan- og bygningslova §12-12 vedtek kommunestyret planen slik han ligg føre på plankart datert 04.06.2025 med tilhøyrande føresegner datert 29.08.2025.

Behandling:

Yngve Frøland (SP) vil ha sin habilitet vurdert, då han protestert på tilråding til vedtak.

Votering nr 1 - Votering over punkter

Yngve Frøland - Gild: 26 stemmer (87%) - Ap 5, FRP 7, H 6, KrF 2, SP 2, SV 3, V 1

Yngve Frøland - Ugild: 4 stemmer (13%) - FRP 2, SP 2

Stemmer:

Anne Stine Foldal Aam (SP)

Eilis-Mari Grinde (FRP)

Even Melheim (FRP)

Dalana-Michelle Storebø (SP)

Yngve Frøland (SP) tok sete att,

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **Innstilling fra Formannskapet - 21.04.2026**

For: 31 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 9, H 6, KrF 2, SP 5, SV 3, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 21.04.2026 - 30/26

Detaljplan for bustadar - Kvievegen 8 - Sæbø har som hovudføremål å legge til rette for framtidig etablering av fleire bueiningar sentralt på Sæbø. Sæbø sentrum har avgrensa areal tilgjengeleg primært grunna utfordringar i høve flaum, skred og jordvernsomsyn. Fortetting og gjenbruk/transformering vil bidra til å kunne utvikle Sæbø som bygdesenter.

Planframlegget opnar med dette for at eigedomen kan utviklast for inntil 4 bueiningar med tilhøyrande garasjer.

Ørsta kommunestyre syner til framlegg til Detaljplan for bustadar - Kvievegen 8 - Sæbø og innkomne merknadar ved offentleg ettersyn. Med visning til plan- og bygningslova §12-12 vedtek kommunestyret planen slik han ligg føre på plankart datert 04.06.2025 med tilhøyrande føresegner datert 29.08.2025.

PS 29/26 Eigengodkjenning av Detaljreguleringsplan for Øy hyttefelt og Langåsen hyttegrend

Vedtak:

Ørsta kommunestyre vedtek detaljregulering for Øy hyttefelt og Langåsen hyttefelt i samsvar med plan- og bygningslova § 12-12.

Planen vert vedteken med:

- **plankart** datert 13.04.2026
- **reguleringsføresegner** datert 13.04.2026
- **planomtale** datert 04.03.2026

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Innstilling fra Formannskapet - 21.04.2026**

For: 31 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 9, H 6, KrF 2, SP 5, SV 3, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Ørsta kommunestyre vedtek detaljregulering for Øy hyttefelt og Langåsen hyttefelt i samsvar med plan- og bygningslova § 12-12.

Planen vert vedteken med:

- **plankart** datert 04.13.2026
- **reguleringsføresegner** datert 04.13.2026
- **planomtale** datert 04.03.2026

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 21.04.2026 - 34/26

Ørsta kommunestyre vedtek detaljregulering for Øy hyttefelt og Langåsen hyttefelt i samsvar med plan- og bygningslova § 12-12.

Planen vert vedteken med:

- **plankart** datert 13.04.2026
- **reguleringsføresegner** datert 13.04.2026
- **planomtale** datert 04.03.2026

PS 30/26 Vurdering av auka grunnbemanning ved institusjonsdrifta i Helse, omsorg og velferd

Vedtak:

Kommunestyret tek vurderinga av grunnbemanninga ved institusjonsdrifta til orientering, og ber kommunedirektøren:

1. arbeide vidare med ei heilskapleg og berekraftig bemanningsløyising for institusjonstenestene, med fokus på turnusstruktur, helgebemanning, arbeidsflyt og ansvarsfordeling,
 2. styrke samhandlinga mellom tildeling, heimeteneste og institusjon for å sikre betre pasientflyt og redusere ressurslekkasje
 3. vidare arbeid i Sjustjernenettverket for å etablere samanliknbare bemanningsdata og hente erfaringar frå kommunar med liknande drift
- Gjennomføre brukarundersøking i heimebasert omsorg som grunnlag for tenestene (punkt 2)
 - Levekårsutvalet ber om status ved å endre 15 sjukeheimplassar til bufelleskap, og i tillegg legge ned bruk at romma for 4-5 sjukeheimplassar (status - vedtak i LKU, mai 2025)
 - Samarbeidet i sjustjernenettverket – strategi for brukarmedverknad må bli tydeleg

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Innstilling fra Formannskapet - 21.04.2026**

For: 31 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 9, H 6, KrF 2, SP 5, SV 3, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret tek vurderinga av grunnbemanninga ved institusjonsdrifta til orientering, og ber kommunedirektøren:

1. arbeide vidare med ei heilskapleg og berekraftig bemanningsløyising for institusjonstenestene, med fokus på turnusstruktur, helgebemanning, arbeidsflyt og ansvarsfordeling,
2. styrke samhandlinga mellom tildeling, heimeteneste og institusjon for å sikre betre pasientflyt og redusere ressurslekkasje
3. vidare arbeid i Sjustjernenettverket for å etablere samanliknbare bemanningsdata og hente erfaringar frå kommunar med liknande drift

Vedtak som innstilling frå Levekårsutvalet - 19.03.2026 - 14/26

Kommunestyret tek vurderinga av grunnbemanninga ved institusjonsdrifta til orientering, og ber kommunedirektøren:

1. arbeide vidare med ei heilskapleg og berekraftig bemanningsløyising for institusjonstenestene, med fokus på turnusstruktur, helgebemanning, arbeidsflyt og ansvarsfordeling,

2. styrke samhandlinga mellom tildeling, heimeteneste og institusjon for å sikre betre pasientflyt og redusere ressurslekkasje
3. vidare arbeid i Sjustjernenettverket for å etablere samanliknbare bemanningsdata og hente erfaringar frå kommunar med liknande drift
 - Gjennomføre brukarundersøking i heimebasert omsorg som grunnlag for tenestene (punkt 2)
 - Levekårsutvalet ber om status ved å endre 15 sjukeheims plassar til bufellesskap, og i tillegg legge ned bruk at romma for 4-5 sjukeheims plassar (status - vedtak i LKU, mai 2025)
 - Samarbeidet i sjustjernenettverket – strategi for brukarmedverknad må bli tydeleg

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 21.04.2026 - 19/26

Kommunestyret tek vurderinga av grunnbemanninga ved institusjonsdrifta til orientering, og ber kommunedirektøren:

1. arbeide vidare med ei heilskapleg og berekraftig bemanningsløyising for institusjonstenestene, med fokus på turnusstruktur, helgebemanning, arbeidsflyt og ansvarsfordeling,
2. styrke samhandlinga mellom tildeling, heimeteneste og institusjon for å sikre betre pasientflyt og redusere ressurslekkasje
3. vidare arbeid i Sjustjernenettverket for å etablere samanliknbare bemanningsdata og hente erfaringar frå kommunar med liknande drift
 - Gjennomføre brukarundersøking i heimebasert omsorg som grunnlag for tenestene (punkt 2)
 - Levekårsutvalet ber om status ved å endre 15 sjukeheims plassar til bufellesskap, og i tillegg legge ned bruk at romma for 4-5 sjukeheims plassar (status - vedtak i LKU, mai 2025)
 - Samarbeidet i sjustjernenettverket – strategi for brukarmedverknad må bli tydeleg

PS 31/26 Omdisponering av investeringsmidlar - kjøkkendrift

Vedtak:

Kommunestyret tilrår at investeringsmidlar på kr 163 000 som er sett av til innkjøp av kombidampar til kjøkkenet ved Hjørundfjordheimen, vert omdisponerte til innkjøp av ny kokegryte.

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Innstilling fra Formannskapet - 21.04.2026**

For: 31 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 9, H 6, KrF 2, SP 5, SV 3, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret tilrår at investeringsmidlar på kr 163 000 som er sett av til innkjøp av kombidampar til kjøkkenet ved Hjørundfjordheimen, vert omdisponerte til innkjøp av ny kokegryte.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 21.04.2026 - 33/26

Kommunestyret tilrår at investeringsmidlar på kr 163 000 som er sett av til innkjøp av kombidampar til kjøkkenet ved Hjørundfjordheimen, vert omdisponerte til innkjøp av ny kokegryte.

PS 32/26 Samarbeidsavtale mellom Ørsta kommune og aktivitetslaget på Bakk Ola Marka

Vedtak:

Ørsta kommunestyre vedtek Samarbeidsavtale mellom Ørsta kommune og aktivitetslaget på Bakk Ola Marka.

Retningslinjer for Aktivitetslaget ved Bakk-Ola-marka - godkjent på årsmøtet 25. februar 2026 - blir tatt til orientering.

I Retningslinjene:

Med følgjande endringar av retningslinjene:

3c - Den politiske representanten vert valt av kommunestyret (ikkje kommunen) Stryk resten av setninga.

3e - Den politiske repr. vert valt for fire år, og valperiodane følgjer kommunestyrevala.

Med følgjande endringar av samarbeidsavtalen (tittelen):

Samarbeidsavtale mellom Ørsta kommune og Aktivitetslaget ved Bakk-Ola-Marka

Behandling:

Endringsforslag , foreslått av Hjørdis Almelid Vikenes, Kristeleg Folkeparti

I Retningslinjene:

Med følgjande endringar av retningslinjene:

3c - Den politiske representanten vert valt av kommunestyret (ikkje kommunen) Stryk resten av setninga.

3e - Den politiske repr. vert valt for fire år, og valperiodane følgjer kommunestyrevala.

Med følgjande endringar av samarbeidsavtalen (tittelen):

Samarbeidsavtale mellom Ørsta kommune og Aktivitetslaget ved Bakk-Ola-Marka

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 31 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 9, H 6, KrF 2, SP 5, SV 3, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Ørsta kommunestyre vedtek Samarbeidsavtale mellom Ørsta kommune og aktivitetslaget på Bakk Ola Marka.

Retningslinjer for Aktivitetslaget ved Bakk-Ola-marka - godkjent på årsmøtet 25. februar 2026 - blir tatt til orientering.

Monica Westrum Kipperberg (FrP) tok sete (32 r.f.)

PS 33/26 Framlegg til nye vedtekter for kommunale skulefritidsordningar i Ørsta kommune etter offentlig høyring

Vedtak:

Kommunestyret i Ørsta kommune vedtek nye vedteker for kommunale skulefritidsordningar slik som dei ligg føre, gjeldande frå 01.08.2026.

Oversendingsframlegg:

Kva ord og uttrykk vi brukar, er viktig for å vere inkluderande.

På side 1 i vedtektsforslaget står det at SFO skal følgje CRPD: Alle barn har normale behov for lek, omsorg, læring, deltaking, mat og stell.

Fokus skal flyttast frå person med funksjonsnedsetjing til system og teneste. Tilrettelegging med enkle tiltak eller meir omfattande tiltak er teneste kommunen gir.

Forslag til endringsvedtak:

Omgrepet individuell tilrettelegging skal brukast jf Opplæringslova august 2024 som erstatning for "særlege behov".

Behandling:

Inkluderande språkbruk i SFO-vedtektene forslag frå Karen Høydal og Hjørdis Almelid Vikenes, foreslått av Hjørdis Almelid Vikenes, Kristeleg Folkeparti

Kva ord og uttrykk vi brukar, er viktig for å vere inkluderande.

På side 1 i vedtektsforslaget står det at SFO skal følgje CRPD: Alle barn har normale behov for lek, omsorg, læring, deltaking, mat og stell.

Fokus skal flyttast frå person med funksjonsnedsetjing til system og teneste. Tilrettelegging med enkle tiltak eller meir omfattande tiltak er teneste kommunen gir.

Forslag til endringsvedtak:

Omgrepet individuell tilrettelegging skal brukast jf Opplæringslova august 2024 som erstatning for "særlege behov".

Pål Einar Brekke, konst, kommunalsjef OKI orienterte og svarte på spørsmål.
Hjørdis Almelid Vikenes gjorde om sitt forslag til oversendingsframlegg.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 32 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 10, H 6, KrF 2, SP 5, SV 3, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret i Ørsta kommune vedtek nye vedteker for kommunale skulefritidsordningar slik som dei ligg føre, gjeldande frå 01.08.2026.

PS 34/26 Skulefråvær i Ørstaskulen: Eit kunnskapsgrunnlag og vegen vidare

Vedtak:

Ørsta kommunestyre tek saka til vitande.

Kommunestyret ber om tilbakemelding på fylgjande

Blir alvorlege valdsepisodar politianmeld?

Korleis er fordelinga av alvorlege valdsepisodar mellom psykisk og fysisk vald?

Kor mange gongar er "Meldeknappen" nytta på kvar einskild skule?

Kva rutiner er det for oppfølging av bruk av "meldeknappen"?

Kommunestyret ber om at kommunedirektøren kjem attende med status på dei tiltaka som er planlagde sett i verk for å redusere bekymringsfullt fråvær

Ørsta kommune bør vurdere å opprette ein funksjon som ivaretek foreldre sitt behov for veiledning i saker der ein har barn med skulevegring(veiledningsteam) Dette er spesielt aktuelt for foreldre til barn med nevroutviklingsforstyrningar, men også andre kan ha dette behovet.

Behandling:

Alternativt framlegg, foreslått av Hans Olav Myklebust, Framstegspartiet

Kommunestyret ber om tilbakemelding på fylgjande

Blir alvorlege valdsepisoder politianmeld?

Korleis er fordelinga av alvorlege valdsepisoer mellom psykisk og fysisk vald?

Kor mange gongar er "Meldeknappen" nytta på kvar einskild skule?

Kva rutiner er det for oppfølging av bruk av "meldeknappen"?

Kommunestyret ber om at kommunedirektøren kjem attende med status på dei tiltaka som er sett i verk for å redusere bekymringsfullt fråvær

Veiledningsteam, foreslått av Siri Dahl Masdal, Arbeidarpartiet

Ørsta kommune bør vurdere å opprette ein funksjon som ivaretek foreldre sitt behov for veiledning i saker der ein har barn med skulevegring(veiledningsteam) Dette er spesielt aktuelt for foreldre til barn med nevroutviklingsforstyrningar, men også andre kan ha dette behovet.

Kommunedirektøren og Pål Einar Brekke, kommunalsjef OKI svarte på spørsmål i alternative forslag til Hans Olav Myklebust (FRP).

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 32 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 10, H 6, KrF 2, SP 5, SV 3, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **Alternativt framlegg**

Hans Olav Myklebust (FRP), Andre parti: FRP

For: 32 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 10, H 6, KrF 2, SP 5, SV 3, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Voting nr 3 - Voting over forslag

Forslag: **veiledningsteam**

Siri Dahl Masdal (Ap)

For: 32 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 10, H 6, KrF 2, SP 5, SV 3, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Ørsta kommunestyre tek saka til vitande.

Ann-Karin Sætre (H) fekk permisjon og Sven Castberg (H) tok sete som vara.

PS 35/26 Ny generell del av rammeplanen for kulturskulen**Vedtak:**

Kommunestyret vedtek at ny generell del av rammeplanen for kulturskulen slik den ligg føre. Kommunestyret vedtek ny generell del av «Rammeplan for kulturskolen – *kulturskole for alle*» vert innført, og skal leggst til grunn for vidare drift og utvikling av kulturskulen.

Behandling:**Voting nr 1 - Voting over forslag**

Forslag: **Innstilling fra Levekårsutvalet - 19.03.2026**

For: 32 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 10, H 6, KrF 2, SP 5, SV 3, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Levekårsutvalet vedtek at ny generell del av rammeplanen for kulturskulen slik den ligg føre. Levekårsutvalet vedtek ny generell del av «Rammeplan for kulturskolen – *kulturskole for alle*» vert innført, og skal leggst til grunn for vidare drift og utvikling av kulturskulen.

Vedtak som innstilling frå Levekårsutvalet - 19.03.2026 - 13/26

Levekårsutvalet vedtek at ny generell del av rammeplanen for kulturskulen slik den ligg føre. Levekårsutvalet vedtek ny generell del av «Rammeplan for kulturskolen – *kulturskole for alle*» vert innført, og skal leggst til grunn for vidare drift og utvikling av kulturskulen.

PS 36/26 Trafikktrygging 2026 - tilskot til trafikktryggingstiltak ved Vartdal skule**Vedtak:**

Ørsta kommunestyre aukar ramma for prosjekt 025902 Trafikktryggingstiltak med kr 1 875 000,- til kr 5 875 000. Auken fører ikkje til auka låneopptak, men vert i si heilheit finansiert av tilskot på kr 1 500 000 og mva-komp. på kr 375 000.

Behandling:**Voting nr 1 - Voting over forslag**

Forslag: **Innstilling fra Formannskapet - 21.04.2026**

For: 32 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 10, H 6, KrF 2, SP 5, SV 3, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Ørsta kommunestyre aukar ramma for prosjekt 025902 Trafikktryggingstiltak med kr 1 875

000,- til kr 5 875 000. Auken fører ikkje til auka låneopptak, men vert i si heilheit finansiert av tilskot på kr 1 500 000 og mva-komp. på kr 375 000.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 21.04.2026 - 35/26

Ørsta kommunestyre aukar ramma for prosjekt 025902 Trafikktryggingstiltak med kr 1 875 000,- til kr 5 875 000. Auken fører ikkje til auka låneopptak, men vert i si heilheit finansiert av tilskot på kr 1 500 000 og mva-komp. på kr 375 000.

Anne Stine Foldal Aam (SP) fekk permisjon (31. r.f.)

PS 37/26 Fullmakt til kriseleiinga - Ørsta kommune

Vedtak:

Ørsta kommunestyre delegerer alle fullmakter som er naudsynte for å sette i verk relevante skadeavgrensande tiltak til kriseleiinga, ved kriseleiar.

Fullmakta skal nyttast slik:

- utgifter skal så langt som råd dekkast innan eksisterande budsjett
- dersom dette ikkje er mogleg skal utgiftene dekkast ved omprioritering innan den totale budsjettramma
- i siste instans kan overskridingar utover den totale budsjettramma godtakast utan at det samtidig er inndecking
- forbruk ut over total budsjettramme på over 1 000 000 skal godkjennast av formannskapet, dersom utvalet kan kallast inn innan rimeleg tid
- ved ev. overforbruk utan inndecking skal det bli gjort greie for dette i eiga sak til kommunestyret etter at krisa er over.

Delegasjonsfullmakta gjeld når situasjonen er så alvorleg at kriseleiinga blir etablert.

Behandling:

Endringsforslag frå KrF, foreslått av Hjørdis Almelid Vikenes, Kristeleg Folkeparti - TREKT Ørsta kommunestyre delegerer alle fullmakter som er naudsynte for å sette i verk relevante skadeavgrensande tiltak til kriseleiinga, ved **kriseleiar, kommunedirektør og ein tredje relevant fagperson frå kristeteamet.**

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Innstilling fra Formannskapet - 21.04.2026**

For: 31 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 10, H 6, KrF 2, SP 4, SV 3, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Hjørdis Almelid Vikenes (KRF) trekte KRF sitt forslag

Kommunedirektøren si tilråding:

Ørsta kommunestyre delegerer alle fullmakter som er naudsynte for å sette i verk relevante skadeavgrensande tiltak til kriseleiinga, ved kriseleiar.

Dette inneber:

- fullmakt til å disponere/omdisponere tilgjengelege ressursar i kommunen, uavhengig av organisatorisk plassering i den ordinære drifta

- fullmakt til å disponere budsjettet uavhengig av beløp, inkludert å overskride budsjettet utan samtidig å vise til dekning.

Fullmakta skal likevel nyttast slik:

- utgifter skal så langt som råd dekkast innan eksisterande budsjett
- dersom dette ikkje er mogleg skal utgiftene dekkast ved omprioritering innan den totale budsjettramma
- i siste instans kan overskridingar utover den totale budsjettramma godtakast utan at det samtidig er inndecking
- forbruk ut over total budsjettramme på over 1 000 000 skal godkjennast av formannskapet, dersom utvalet kan kallast inn innan rimeleg tid
- ved ev. overforbruk utan inndecking skal det bli gjort greie for dette i eiga sak til kommunestyret etter at krisa er over.

Delegasjonsfullmakta gjeld når situasjonen er så alvorleg at kriseleiinga blir etablert.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 21.04.2026 - 21/26

Ørsta kommunestyre delegerer alle fullmakter som er naudsynte for å sette i verk relevante skadeavgrensande tiltak til kriseleiinga, ved kriseleiar.

Fullmakta skal nyttast slik:

- utgifter skal så langt som råd dekkast innan eksisterande budsjett
- dersom dette ikkje er mogleg skal utgiftene dekkast ved omprioritering innan den totale budsjettramma
- i siste instans kan overskridingar utover den totale budsjettramma godtakast utan at det samtidig er inndecking
- forbruk ut over total budsjettramme på over 1 000 000 skal godkjennast av formannskapet, dersom utvalet kan kallast inn innan rimeleg tid
- ved ev. overforbruk utan inndecking skal det bli gjort greie for dette i eiga sak til kommunestyret etter at krisa er over.

Delegasjonsfullmakta gjeld når situasjonen er så alvorleg at kriseleiinga blir etablert.

PS 38/26 Felles beredskapsråd - Volda og Ørsta kommunar

Vedtak:

Kommunestyret vedtek at Volda og Ørsta skal ha felles beredskapsråd, for å betre samordning av ressursar, og gi eit betre grunnlag for handtering av store hendingar på tvers av kommunegrensa.

Samansettinga av beredskapsrådet krev likelydande vedtak i Volda og Ørsta kommunar.

Kommunestyret vedtek slik samansetting av felles beredskapsråd:

Kommunane

- Ordførarane
- Kommunedirektørane
- Beredskapskoordinatorar
- Brannsjefar
- Kommuneoverlegar
- Interkommunal legevakt (felles)
- Kommunikasjonsansvarlege
- Landbruk (felles)

- NAV (felles)

Statlege aktørar

- Politiet (felles)
- Statsforvaltaren (felles)
- Sivilforsvaret (felles)
- Heimevernet (felles)
- Helse Møre og Romsdal HF (felles)
- Høgskulen/samskipnaden

Infrastruktur og næringsliv

- Kraftselskap/Linja (felles)
- SSIKT (felles)
- Statens vegvesen (felles)
- Møre og Romsdal fylkeskommune som vegmynde (felles)
- Avinor (felles)
- Volda næringsforum
- Ørsta næringskontor

Frivillige organisasjonar

- Røde Kors (Volda og Ørsta)
- Representant frå sanitetslag
- Kyrkja (Volda og Ørsta)

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Innstilling fra Formannskapet - 21.04.2026**

For: 31 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 10, H 6, KrF 2, SP 4, SV 3, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek at Volda og Ørsta skal ha felles beredskapsråd, for å betre samordning av ressursar, og gi eit betre grunnlag for handtering av store hendingar på tvers av kommunegrensa.

Samansettinga av beredskapsrådet krev likelydande vedtak i Volda og Ørsta kommunar.

Kommunestyret vedtek slik samansetting av felles beredskapsråd:

Kommunane

- Ordførarane
- Kommunedirektørane
- Beredskapskoordinatorar
- Brannsjefar
- Kommuneoverlegar
- Interkommunal legevakt (felles)
- Kommunikasjonsansvarlege
- Landbruk (felles)
- NAV (felles)

Statlege aktørar

- Politiet (felles)
- Statsforvaltaren (felles)
- Sivilforsvaret (felles)
- Heimevernet (felles)
- Helse Møre og Romsdal HF (felles)

- Høgskulen/samskipnaden

Infrastruktur og næringsliv

- Kraftselskap/Linja (felles)
- SSIKT (felles)
- Statens vegvesen (felles)
- Møre og Romsdal fylkeskommune som vegmynde (felles)
- Avinor (felles)
- Volda næringsforum
- Ørsta næringskontor

Frivillige organisasjonar

- Røde Kors (Volda og Ørsta)
- Representant frå sanitetslag
- Kyrkja (Volda og Ørsta)

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 21.04.2026 - 22/26

Kommunestyret vedtek at Volda og Ørsta skal ha felles beredskapsråd, for å betre samordning av ressursar, og gi eit betre grunnlag for handtering av store hendingar på tvers av kommunegrensa.

Samansettinga av beredskapsrådet krev likelydande vedtak i Volda og Ørsta kommunar.

Kommunestyret vedtek slik samansetting av felles beredskapsråd:

Kommunane

- Ordførarane
- Kommunedirektørane
- Beredskapskoordinatorar
- Brannsjefar
- Kommuneoverlegar
- Interkommunal legevakt (felles)
- Kommunikasjonsansvarlege
- Landbruk (felles)
- NAV (felles)

Statlege aktørar

- Politiet (felles)
- Statsforvaltaren (felles)
- Sivilforsvaret (felles)
- Heimevernet (felles)
- Helse Møre og Romsdal HF (felles)
- Høgskulen/samskipnaden

Infrastruktur og næringsliv

- Kraftselskap/Linja (felles)
- SSIKT (felles)
- Statens vegvesen (felles)
- Møre og Romsdal fylkeskommune som vegmynde (felles)
- Avinor (felles)
- Volda næringsforum
- Ørsta næringskontor

Frivillige organisasjonar

- Røde Kors (Volda og Ørsta)
- Representant frå sanitetslag
- Kyrkja (Volda og Ørsta)

PS 39/26 Overordna beredskapsplan - administrativ og operativ del

Vedtak:

Ørsta kommunestyre godkjenner overordna beredskapsplan, med operativ og administrativ del, slik den ligg føre.

Med dei vedtekne endringane i sak 37/26.

Behandling:

Per Are Sørheim (H), ordførar orienterte

Votering nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Innstilling fra Formannskapet - 21.04.2026**

For: 31 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 10, H 6, KrF 2, SP 4, SV 3, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Ørsta kommunestyre godkjenner overordna beredskapsplan, med operativ og administrativ del, slik den ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 21.04.2026 - 23/26

Ørsta formannskap godkjenner overordna beredskapsplan, med operativ og administrativ del, slik den ligg føre.

Med dei vedtekne endringane i sak 21/26.

PS 40/26 Årsmelding 2025 for Ørsta kontrollutval

Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2025 for kontrollutvalet.

Behandling:

Roy Magne Mo, leiar for Ørsta kontrollutval orienterte.

Votering nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 31 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 10, H 6, KrF 2, SP 4, SV 3, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kontrollutvalet si tilråding:

Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret med følgjande framlegg:

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2025 for kontrollutvalet.

PS 41/26 Årsplan 2026 for Ørsta kontrollutval

Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsplan 2026 for kontrollutvalet.

Behandling:

Roy Magne Mo, leiar for Ørsta kontrollutval orienterte.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 31 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 10, H 6, KrF 2, SP 4, SV 3, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Kontrollutvalet sender saka til kommunestyret med fylgjande:

Kommunestyret godkjenner årsplan 2026 for kontrollutvalet.

PS 42/26 Prosjektrapport - forvaltningsrevisjon "Internkontroll

Vedtak:

Behandling:

Usett til neste møtet

Kontrollutvalet si tilråding:

1. Kommunestyret tek til vitende forvaltningsprosjekt "Internkontroll - Kommunale stønadsordningar" utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon KO, datert 30.03.2026.

Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalinger skal følgjast/utførast:

- a. Kommunen skal etablere eit overodna strategidokument ("paraply"- rutine) som gjeld alle tilskotsordningar i tillegg til dei spesifikke rutinane for den enkleste ordning etter behov.
 - b. Kommunen skal opprette evetuelet endre/revidere rutinar/retningslinjer for dei spesifikke ordningane
 - c. Kommune må legge til rette for føreseielege og lik saksbehandling i alle tilskotsorningar.
 - d. Kommunen må sikre at krava i rutiner/retningslinjene vert følgde, til dømer ved ettetrkontroll.
3. Kommunestyret vedtek at kommunedirektøren skal lage ei prioritert oversikt til kontrollutvalet innan 15.08.2026 som viser kva tiltak som skal settast i verk for å følge opp anbefalingane i rapporten, kven som har ansvaret for tiltaka og kva tid tiltaka skal iverkstattast.

PS 43/26 Budsjett: Innlemming av Stortinget si saldering av statsbudsjett 2026

Vedtak:

